

Til Fyresdal kommune

Hovudutvalet for plan og miljø

Klage på vedtaket om søknad på konsesjon for erverv av Metveit Øvre, gbnr.65/1, 65/2, 65/3 og 65/7 med det føremålet å ha det som tilleggsjord til Askerud gbnr.65/9 m.fl.

3. gongs handsaming 09.09.2025.

Kommunen bruka endå ein gong busetnaden som avslag på konsesjonssøknaden.

Og vi ynskjer endå ein gong å klage på avslaget der grunngjevinga i vedtaket er at ervervet ikkje ivaretek omsynet til busetnaden.

Innhaldet i klaga:

1. For å ta utgangspunkt i konklusjonen til kommunen si klagehandsaming om at dei nå har vore i kontakt med ein annan interessent, så synest vi dette kom svært seint i prosessen. Heilt frå vi søkte om konsesjon har kommunen visst om, og peika på at salet ikkje hadde blitt lagt ut på den opne marknaden.
Grunnen til at det ikkje vart gjort, var at Kristin Andresen og Gunvald Greivstad ynskte å selje garden til oss. Dei greidde ikkje å gjennomføre det dei hadde planlagt, og tenkte at garden ville passe som tilleggsjord til Askerud. Kommunen har likevel hatt god anledning til å finne andre interessentar tidlegare. Kvifor kjem dette fram som ei løysing nå etter så mange rundar både i kommunen og hjå Statsforvaltaren?
2. Når Metveit øvre vart lagt ut på den opne marknaden ved salet til Kristin Andresen og Gunvald Greivstad så har vi fått vite at det var få som var interesserte i å kjøpe eigedomen. Det var då hus og låve der, men interessa var ikkje stor av den grunn.
3. Kommunen har gjeve løyve til å dele opp naboeigedomen samtidig med at vi søker om konsesjon. Naboeigedomen har omtrent likt antal daa totalt som Metveit øvre, men det vil ikkje lenger vere buplikt på denne garden. Eg tenkjer det er heilt greitt at frådelinga vart gjort, men kva då med busetnaden i området? Vi skjønar at det er med å oppretthalde busetnaden i kommunen, men kva med busetnaden i Kleivgrend. Dette syner at busetnad i grenda vart nedprioritert, og altså ikkje så viktig likevel. Det blir tala mykje om å skape presedens, men kva med dette tilfellet? Likebehandling er viktig i slike saker. Kommunen si avgjersle i denne saka er ikkje klandreverdige, men bruken av busetnad som avslag på Metveit øvre er absolutt det.
4. Vi har fleire hus med fast busetnad, fem buplassar totalt. Dette er hus vi kunne ha leigd ut til turistar, av di det er rift etter det i Fyresdal nå. Når vi i førre klaga, datert 02.12.2024, skreiv at dotter vår med familie ville flytte heim og bu i eit av husa våre, så står det mellom anna i kommunen si klagehandsamingssak, datert 5/2 -2025:
«Men vi kan ikkje påleggje ein eigar av eit gardsbruk at det skal bu folk i alle bustadhus som finnast på ein gard, det vil vere heilt frivillig. Om ungar flytter heim er det heller ikkje naudsynt at dei bur i eit hus tilhøyrande foreldra. Då kommunen treng busetting har vi i tillegg til klargjorde byggjefelt i kommunen ein ganske liberal haldning til frådeling av areal som gjeld spreidd bustadbygging.»
Vi meiner dette er sjølvmotseiande. Det er ikkje viktig at det kjem folk i husa tilhøyrande Askerud. Dotter vår kunne like godt bygt seg eit hus i sentrum.

Og det kunne ho gjort dersom ho hadde hatt økonomi og lyst til det. Når ho og familien har bestemt seg for å flytte til Fyresdal så er det i Kleivgrend dei har lyst til å bu. Her har ho vakse opp og har difor tilknytning til grenda. Dessutan er det økonomisk sett ei god løysing. Vi meiner busetnaden i området alt er ivareteken gjennom eksisterande bruk.

5. Den negative omtala denne søknaden har skapt i media der det stadig blir avsege med busetnad som argument, kan få folk til tru at det einaste som betyr noko er at det bur folk der ein periode, og at konsesjonslova §9 bare handlar om å bu på eigedomane. I området er det fleire store bruk utan busetnad og det må det vere ein grunn til. For å bu på ein eigedom over tid har tilhøyre mykje å bety, elles vert eigedomen fort ein fritidseigedom. Det er ikkje personleg driveplikt på gardsbruk, og at andre gardbrukarar driv jorda er ei dårlegare løysing. Dyrka mark må vedlikehaldast med for eksempel grøfting og kalking. Jordleige må kanskje også betalast. Det er kostbart og lite framtidsretta med leigejord, og det er også uforutsigbart.

På landbruksdirektoratet.no ligg det eit rundskriv om konsesjonslova der det står:
«Boplikten er knyttet til bebygd eiendom med mer enn 35 daa dyrka jord eller 500 daa produktiv skog.» Metveit øvre er under i areal både på jord og skog, dermed har eigedomen ingen lovbestemt buplikt.

Eigedomen er då i den kategorien at nær slekt kan overtake den utan å bu der, så derfor er busetnaden uansett svært usikker i framtida som sjølvstendig bruk. Eigedomen kan altså overførast til neste generasjon i familien utan buplikt framover i tid. Slik blir eigedomen fort ein jakteigedom og innmarka vert då drive av tilfeldige leigetakarar.

6. Askerud er det einaste bruket i Kleivgrend med dyr, og arronderinga i forhold til Metveit øvre er særdeles viktig når det gjeld innmarksbeite og slått. Mykje av jorda på Metveit kan ikkje lenger drivast med moderne maskiner. Det må grøftast, og stor stein må ryddast vekk i overgangen mellom skifta. Ein del planering må også til for at traktorar med rundballepresse og pakkar skal kunne køyre uhindra over området. Dette arbeidet må gjerast i 2026 om vi får konsesjon. Sauetalet vert auka noko i år og neste år, alt etter kva som skjer med Metveit.
7. Kommunen har vist til småbruksprosjektet i si vurdering. Vi meiner dette er eit urealistisk alternativ for Metveit øvre. Eigedomen manglar bustadhus, og prosjektet vil krevje både kjøp av garden og oppføring av nytt bustadhus etter gjeldande byggtekniske krav (TEK17). I tillegg kjem behov for driftsbygningar og investeringar i jordbruksareala. Vi har vanskeleg for å sjå at dette kan gjennomførast på ein økonomisk berekraftig måte. Oppføring av nye hus på garden vil langt overgå prisane på tilsvarande gardsbruk i området.

Vektlegging driftsmessig gode løysingar:

1. Å leggje Metveit øvre til Askerud som tilleggsjord gjev større driftsgrunnlag, rasjonell drift, og betre utnytting av ressursane. Dette er også viktig for å få aktiv drift på Askerud i framtida.
Det kan også vere fare for at Metveit øvre som sjølvstendig bruk vert ståande utan aktiv brukar, eller bare vert brukt delvis.
2. Kommunen syner til manglande busetnad på eigedomen, men det kan ikkje alltid vere avgjerande. Driftsmessige og jordbruksfaglege omsyn talar sterkt for konsesjon.
3. Eigedomen har ikkje hus på garden, og konsesjonslova vektlegg bare busetnad som eit av fleire omsyn og her er det fleire omsyn som talar for tilleggsjord.
Areal på Metveit øvre grensar til Askerud og delar eigedomen i to delar.
Dersom Metveit øvre vert eige bruk blir drifta tungvint og mykje nytt beite må ryddast, og arealet mistar sin heilheit. Når det gjeld skogbruket grensar desse to eigedomane inntil kvarandre heile vegen og passar difor godt til å slåast saman.
Metveit og Askerud var ein gard i tidlegare tider, og det hadde vore ei god løysning også i dag. Sleper og traktorvegar vert lettare å byggje, og det gjer skogbruket meir lønsamt i framtida.
4. Vi har aktiv drift på garden og er knytte til bygda, noko som er viktig over tid.
Eigedomen vert verande på lokale hender og sikrar vidare drift.
5. Som tilleggsjord hos oss vert arealet garantert i aktiv drift frå dag ein.
Vi set i gang med dette så fort vi får konsesjon. Mykje må gjerast med innmarka, slik som grøfting, steinrydding og planering av overgangar mellom dei forskjellige skifta.
Hadde håpa å kome i gang med dette i haust.

Konklusjon:

Med bakgrunn i §9 i konsesjonslova, og som kommunen sjølv har sagt, så oppfyller eg desse krava:

- Ervervet vil innebere ei driftsmessig god løysing.
- Ervervaren er skikka til å drive eigedomen.
- Ervervet ivaretek omsynet til heilskapeleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

På bakgrunn av alle grunngjevingane så meiner eg også at eg oppfyller kravet om busetnad.

Ut frå innhaldet i klaga og tidlegare grunngjevingar så håpar vi de denne gongen ser positivt på søknaden om å få konsesjon på Metveit Øvre som tilleggsjord til Askerud.

Venleg helsing


Ingebret Gaaren